


KOMMUNAL PLANSTRATEGI

2020-2024



Kommunal planstrategi

FJALER KOMMUNE 2020-2024

Innhold

1.	INNLEIING	3
1.1	Føremålet med kommunal planstrategi.....	3
1.2	Føringar og retningslinjer for kommunal planlegging.....	4
1.2.1	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	4
1.2.2	Statlege planretningslinjer.....	4
1.2.3	Regional planstrategi	4
2.	PLANSYSTEMET I FJALER KOMMUNE.....	6
3.	UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEIGHETER	7
3.1	Befolkningsutvikling og befolkningssamsetning	7
3.2	Levekår og folkehelse	11
3.3	Næringsliv og sysselsetting.....	11
3.4	Miljø, klima og samfunnstryggleik.....	12
3.5	Oppvekst og utdanning	15
4.	VURDERING AV PLANBEHOVET.....	16
4.1	Overordna ROS-analyse.....	16
4.2	Kommuneplanen sin samfunnsdel.....	16
4.3	Kommuneplanen sin arealdel	16
4.4	Kommunedelplanar	17
4.5	Temoplanar	17
4.6	Områdereguleringsplanar.....	18
4.7	Detaljreguleringsplanar	18
5.	PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER 2020-2023	20

1. INNLEIING

1.1 Føremålet med kommunal planstrategi

Etter plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta en communal planstrategi. Kommunal planstrategi utformast etter behovet i den einskilde kommune. Føremålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for ei ynskjeleg utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i plan- og bygningslova frå 1985. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal være behovsstyrte og ikkje vere meir omfattande enn naudsynt.

§ 10-1.Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta en communal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med communal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av communal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Gjennom arbeidet med planstrategien er intensjonen at ein styrker den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Det er også viktig at kommunepolitikarane tidleg i valperioden vert kjend med kommuneplanen som styringsverktøy, og ta stilling til om dei ynskjer endring i dei mål og strategiar som ligg i eksisterande plan.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast eller videreførast utan endringar. Planstrategien er også eit godt verktøy for å vurdere kommunen sitt samla plansystem, planressursar og planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar og andre temaplanar.

1.2 Føringar og retningslinjer for kommunal planlegging

1.2.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Det går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga.

Regjeringa styrker det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringa ynskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal vere basert på open dialog mellom alle partar, der også staten deltek.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Vidare vert det lista opp 5 kapittel der det er sett opp ei rekke forventningar under kvart kapittel.

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve
- Statlege planretningslinjer og statlege planføresegner

1.2.2 Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer blir brukt for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga, og markere nasjonal politikk på viktige områder i planlegginga. Gjeldande retningslinjer er lista opp under.

- SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- SPR for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- SPR for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen (2011)
- RPR forå styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)
- RPR for verna vassdrag (1994)

1.2.3 Regional planstrategi – utviklingsplan for Vestland

Vestland fylkeskommune vedtok i september utviklingsplan (regional planstrategi) for Vestland fylke 2020 – 2024. Planen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra og den byggjer på berekraftmåla til FN.

FN sine bærekraftsmål er konkretisert ned på regionalt nivå og det er utarbeidd 4 målsettingar for å sikre ei utvikling som er med på å føre oss mot ei miljømessig, sosial og økonomisk berekraft:

o Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. I dette målet ligg det at Vestland skal leggje til rette for nye arbeidsplassar gjennom omstilling og grøn konkurranseskraft som baserer seg på regionale fortrinn og innovasjon.

o Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling. I dette ligg det at vi skal forvalte viktige natur- landskaps og kulturverdiar og vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.


o Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland. I dette ligg at vi skal utvikle lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. Vidare at vi skal utvikle både fysisk og digital infrastruktur slik at vi sikrar mobilitet og digitale teneste. Saksnr: 2020/76694-6 Side 2 av 7

o Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping. I dette ligg at vi skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn. Vi skal utvikle meir inkluderande og aldersvenlege samfunn med auka deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Utviklings-planen (regional planstrategi) og måla i planen skal leggjast til grunn i kommunen sitt planarbeid framover.

2. PLANSYSTEMET I FJALER KOMMUNE

Kommuneplanen består på den eine sida av ein samfunnsdel med handlingsplan, og på den andre sida av ein arealdel (overordna arealplan og reguleringsplan). Planhierarkiet, og samhandlinga mellom dei ulike delane er vist i skissa nedanfor.



Planane vert delt inn i følgjande kategoriar:

- Overordna (økonomiplan (med årsbudsjett), årsregnskap og årsmelding, jf. kommunelova)
- Kommuneplan (arealdel, samfunnsdel, handlingsdel)
- Kommunale planar (tematisk, areal)
- Temaplan
- Internplan

Dei krav som vert sett i kommunelova til årleg framstilling av dokument (overordna planar) gjer at desse haldast utanfor planstrategiarbeidet.

Einingane har og ein god del fagplanar (temaplanar/interne planar) som er av ein slik karakter at dei ikkje treng å handsamast i ein communal planstrategi. Desse vert og som hovudregel rullert kvar planperiode.

Planstrategien bør avgrensast til planar med ein *samfunnsutviklingshorisont* som går vidare enn dei interne planbehov ein har i dei kommunale sektorane/einingane.

3. UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

3.1 Befolkningsutvikling og befolkningssamansetning


Fjaler kommune har hatt eit relativt stabilt folketal siste tolv år, etter ei kraftig nedgang midt på 2000-talet. Ein har likevel sett ein nedgåande trend i perioden 2016-2019, der folketalet minka med over 100 personar.

Fødselstala har i perioden 2008-2019 variert noko, men ligg stabilt mellom 20 og 30 fødde per år. Unntaka var i 2010 (37), 2012 (36) og 2014 (13). I 2019 var fødselstalet 23.

Fjaler kommune har særleg to utfordringar når det gjeld folketal. For det første er folketalet stabilt, men ikkje aukande, noko som gjer utslag på inntektssida.


For det andre har vi ei sterk befolkningsauke i Dale. Stor befolkningsvekst er krevjande for ein kommune å handtere, og legg press på utbygging, sosial og teknisk infrastruktur. Det merkast og gjennom prispress og bustadmangel som gjer at kommunen får ei utfordring. Ein jamn tilgang på bustadareal og regulert areal til leilegheiter og bustadareal vil vere ei viktig oppgåve for Fjaler kommune i planperioden.

For det tredje går folketalet ned i kommunen utanom Dale, og då særleg barnetala. Dingemoen skulekrins har om lag 57% av innbyggjarane i kommunen, men 67% av born i skulealder og 70% av barn i barnehagealder. Låge barnetal betyr at vi vil få ein større relativ del av dei eldre buande utanom Dale, noko som ein må ta høgde for i planlegging av helsetilbod i framtida.




Figur 1 - Befolkningsutvikling i Fjaler 2008-2019 (Kjelde: SSB)

Kommunal planstrategi



Figur 2 - Fødselstal i Fjaler 2008-2019 (Kjelde: SSB)

For perioden 2019-2040 er estimatet frå SSB at Fjaler kommune vil ha ein gjennomsnittleg årleg vekst på mellom 1,2%, noko som er i samsvar med målet i kommuneplanen på 1%. Ein må og ta med seg at elevtalet ved UWC fører til at estimatet for fødde har vore høgare enn det reelle talet (grunna ei kunstig høg yngre befolkning).



Figur 3 - Befolkningsframskrivning 2020-2040, basert på middels nasjonal vekst (Kjelde: SSB)

Historisk har kulla i førskulealder og barneskulealder variert mellom 20 og 40 barn, men har gjennomsnittleg vore stabile i perioden 2008-2020. Gjennomsnittleg kull er 33 for førskulealder og 36 for barneskulealder i denne perioden.

I SSB si framskriving er det sett inn at det i 2030 aukar til 58 barn i førskulealder og 62 i barneskulealder, og vidare i 2040 til 68 barn i førskulealder og 73 i barneskulealder. Dette gjer at i SSB si prognose skal Fjaler kommune ha nesten ei dobling av barn i skulen på ti år, noko som sjølv sagt hadde vore hyggeleg, men neppe i nærleiken av sanninga.

Viss vi retter opp for feilen får vi desse tala for befolkninga i Fjaler kommune (Vi har ikkje hatt tilgang på SSBs fertilitetsratar, utflyttingssannsyn, innflyttingsandelar etc, men retta årskulla slik at dei ligg på historisk snitt).

Tabell 1 - Befolkningsframskriving 2020-2040 middels nasjonal vekst, korrigert for barnetal (2014)

År	2020	2022	2024	2026	2028	2030	2032	2034	2036	2038	2040
Personar	2788	2777	2762	2763	2797	2825	2837	2877	2919	2965	3001

Dette er ei korrigering som blei gjort av Agenda Kaupang i 2014, og vil derfor ikkje vere heilt oppdatert, men framleis meir realistisk enn SSB sine framskrivingstal.

Gjennomsnittleg årleg vekst i denne perioden er på 0,4%.

Ser ein på befolkningsutviklinga i dei ulike grunnkretsane i kommunen i perioden 2008-2020, så ser ein nedgang i dei fleste grunnkretsane med unntak av områda kring komunesenteret Dale.


	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	+/-
Flekke/Espedal	479	494	516	571	475	502	477	464	469	486	455	442	463	-16
Hovlandsdal	70	66	67	61	60	56	55	55	51	47	48	48	53	-17
Guddal/Heggheim	114	113	117	113	115	113	116	115	115	112	111	102	108	-6
Øvre Vassdalen	76	79	77	78	72	68	70	69	65	64	66	66	66	-10
Nedre Vassdalen	192	184	179	183	191	192	190	180	184	183	184	167	158	-34
Bjerga/Bortheim/Jarstad	483	516	508	519	516	517	516	519	515	530	549	528	526	43
Dale/Sletteland	418	414	425	436	457	476	474	472	484	500	507	523	525	107
Sagevik/Yksnebjør	288	260	261	267	271	270	263	274	300	300	303	284	300	12
Fure	89	90	89	85	91	92	87	89	86	81	72	67	60	-29
Folkestad	79	78	75	73	79	75	76	71	72	71	71	73	70	-9
Våge	233	220	214	219	198	198	198	197	189	188	186	189	188	-45
Lone	128	121	119	126	121	114	118	118	114	119	119	120	117	-11
Gjølanger	154	155	150	151	154	155	154	149	140	144	138	127	129	-25
Tyssedal	26	30	28	24	26	34	37	36	35	32	35	32	38	12

Tabell 2 - Befolkningsutvikling i grunnkretsane i Fjaler kommune 2008-2020 (Kjelde: SSB)

Viss ein ser på korleis befolkninga i Fjaler er sett saman og korleis dette vil utvikle seg er det to utfordringar som er viktige opp mot planarbeidet i kommunestyreperioden. For det første vert det stadig fleire eldre, og behovet for tenester innan helsektoren vil auke. Vi vil ha ei auke i aldersgruppa 80 år eller eldre frå 177 personar i dag (2020) til 255 personar i 2030 og 306 personar i 2040. Dette er rimeleg treffsikre tal, då det i hovudsak er personar som bur i kommunen i dag.

For det andre vil aldersgruppa 6-15 år (grunnskule) mest sannsynleg bli redusert med 50-80 elevar. Dette må vi allereie i denne kommunestyreperioden planlegge for, slik at vi har ein struktur på tenestene som er i samsvar med elevtal om 5-10 år.

Kommunal planstrategi



Figur 4 - Alderssamansettning Fjaler 2020-2040

Auke i tal eldre vil på sikt medføre behov for fleie ressursar og truleg behov for meir bygningsmasse innan helse- og omsorgssektoren. Kommunen jobbar aktivt med tiltak og aktivitetar som er ein del av reforma Leve heile livet. Nokre er omtalt i samfunnsdelen frå 2014 og noko i helsestrategien til kommunen. For å forankre og systematisere kommunen sine mål, strategiar og tiltak opp mot eit aldersvennleg samfunn og Leve heile livet ser ein at både samfunnsdelen og helsestrategien bør reivderast i planperioden. Eit av Fjaler kommune sine hovudmål er at kommunen skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår. Viktige tema og fokusområder i vidare planlegging er:

- Effektivisere tenestene og ha eit kontinuerleg fokus på forbetringar innan eigen organisasjon
- Sikre at tenestene internt i kommunen og mellom eksterne samarbeidspartar er samordna og kooordinert slik at dei framstår som ein heilskap. Ressursane skal nyttast på ein god og rettferdig måte med kostnadseffektive tenester.
- Rekkruttering og kompetanseplanlegging
- Helsefremjande og førebyggande innsats skal vere i fokus og det skal leggast til rette for sosial kontakt og trivsel
- tiltak for å sikre høg yrkesdeltaking for alle grupper.
- legge til rette for at eldre i størst mogeleg grad kan vere sjølvhjelpe, bu heime lengst mogeleg og bidra som ein aktiv ressurs i lokalsamfunnet.
- legge til rette for bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgsteneste
- aktivitet, kosthald og førebygging av skader viktig.
- styrke og vidareutvikle demensomsorga
- Vidareutvikle heildøgnstenester i omsorgsbustader
- Sikre gode bumiljø for personar som treng bistand
- sikre medverknad og innvolvering i planarbeid
- Styrke og koordinere frivillig arbeid
- delta i nettverk for å dele erfaring, få inspirasjon og lære av kvarandre

3.2 Levekår og folkehelse

Folkehelselova § 5 seier at kommunen har ansvar for å ha oversikt over befolkninga si helse og faktorar som har innverknad på helsa. Denne oversikta skal vere skriftleg, og syne utfordringar og ressursar knytt til folkehelsearbeidet i kommunen. Fjaler er med i det interkommunale samarbeidet leia av «Folkehelseavdelinga» i Kinn kommune, og har etter ein felles mal utarbeida folkehelseoversikta for Fjaler. Etter § 6 skal oversikta skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid med planstrategien, og såleis vere eit grunnlag for mål og strategiar i kommunal planlegging.

Befolkningsendringar er venta å vere ei stor utfordring i åra som kjem. Fylkeskommunen har sagt at i framtida vil 80 % av befolkninga bu i 12 kommunar, og dei siste 20 % vil fordele seg på 31 i kommunar i Vestland. Færre yngre og fleire eldre, samt mindre utvandring og meir utflytting skapar store utfordringar for dei kommunale tenestene. Samansetninga i befolkninga vil vere ein del av utfordringsbilde for kommunen framover. Vidare har ein faktorar som påverkar helsa. Dei finn ein innan oppvekst og levekår, fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø og helserelatert åtferd. Til saman er dette faktorar som er med å påverkar helseituasjonen til innbyggjarane våre. Fjaler kommune har vedteke fire hovudutfordringar for folkehelsearbeidet. Dei er sosial ulikskap, fysisk inaktivitet, psykisk uhelse og innvandrarhelse.

Sosial ulikskap

At nokre grupper ikkje deltek på same vilkår som folk flest, skapar sosial ulikskap i helse. Det kan vere ulike grunnar til at desse ikkje deltek, som økonomi, funksjonsnivå, kunnskap, utdanning eller anna. Å jobbe for at alle har like moglegheiter til å delta er grunnleggande for å utjamne sosial ulikskap.

Fysisk inaktivitet

Både i landet og regionen vår er det få som oppfyller dei statlege måla om fysisk aktivitet. Det ligg eit stort potensiale i å auke fysisk aktivitet i befolkninga. Dette skapar god helse og førebygger sjukdom hos den enkelte, som igjen er av samfunnsøkonomisk interesse.

Psykisk helse

Psykisk uhelse skapar store helse- og samfunnsutfordringar. Ein må ha fokus på folk sine betingelsar, og fremje meistring, tilhøyrslle, utvikling, vekst, meining og positive relasjonar i utvikling av kommunale tiltak.

Integrering

Menneske med innvandrarbakgrunn treng ofte meir tenester, oppfølging og tilrettelegging enn befolkninga for øvrig. Fjaler har tatt imot flyktningar sidan 2015, og har etter kvart eit godt mottaksapparat. Det er likevel behov for tettare oppfølging av gruppa også i Fjaler.

Dei fire hovudutfordringane for kommunen samsvarar i stor grad med nasjonale utfordringsbilete. Sosial ulikskap har lenge, men særleg dei siste åra, vore eit fokusområde nasjonalt. For å redusere sosial ulikskap er det avgjerande at det er eit fokus i all kommunal planlegging. Fysisk inaktivitet og psykisk helse er stadig like aktuelt. Det er i teorioen enkelt å auke fysisk aktivitet hos den enkelte, som vil ha stor effekt på eiga helse, til dømes psykisk helse. Å auke fysisk aktivitet og betre psykisk helse vil ha store samfunnsøkonomiske gevinstar. Presset på busetting av flyktningar i kommunane har avtatt, men Fjaler har vore heldige og er fortsatt busettingskommune. Men det krev mykje av mange einingar, og er viktig å ha med i planlegging av tenestene. Og som eit bakteppe for alle utfordringane har vi også dei venta befolkningsendringane med færre yngre og fleire eldre. Alle desse faktorane er viktig å ha med seg i all kommunal planlegging, om det er tilrettelegging av nye bustadfelt, utforming av uteområder eller utvikling av tenester, for å nemne noko.

3.3 Næringsliv og sysselsetting


Dersom vi ser utvikling over tid har Fjaler hatt ei endringar i retning av fleire kunnskapsarbeidsplassar, jf. til dømes Enoro og selskapa på Haugland. Siste åra har vi hatt ein auke med nye selskap som er i vekst. Døme på dette er Brødrene Dahl, Avans og Pecom. Dette veg opp mot nedgang innan jordbruk og

Kommunal planstrategi

industri. Når det gjeld tradisjonell industri som t.d Lutelandet Offshore og leverandørindustri knytt til den aktiviteten, så har det til no ikkje ført til vesentleg arbeidsplassvekst.

Kommunane i HAFS etablerte felles utviklingsorganisasjon (HAFS Utvikling AS) frå og med juni 2015, men dette selskapet blei avvikla i 2018. Status i 2020 er at Fjaler har sin eigen utviklingsorganisasjon gjennom Fjaler Næringsutvikling. Dette er viktige føresetnader for å kunne bidra til større samla vekst i regionen.

Dersom ein ser på sysselsettinga i Fjaler, så ser ein i perioden 2008-2019 ein tydeleg nedgang innan primærnæringa (jordbruk) på 44 sysselsette. Det er også nedgang på 66 sysselsette innan sekundærnæringa. Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finans og eigedom har vore stabil i perioden. Offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring har vore stabil i perioden. Undervising har vore stabil i perioden. Helse- og sosialtenester har hatt ein auke i perioden på 34 sysselsette. Personleg tenesteyting har hatt ei auke på 10 sysselsette i perioden.



Figur 5 - Sysselsette i Fjaler per 4. kvartal, etter næring (Kjelde: SSB)


Utviding av bu- og arbeidsområde som følge av Dalsfjordsambandet, samt industriutvikling i ytre deler av kommunen gir nye mogelegheiter. Kontinuerleg fokus på og pågående prosjekt mellom anna innan fiberutbygging, betre overnatningskapasitet og betre vegar vil vere med å fremje vekst. Vidare mogelegheit er at ein i samarbeid med nabokommunane, dvs der ein har felles bu- og arbeidsområde (og pendling) har tettare samarbeid om utviklingsarbeidet (samfunnsutvikling).

3.4 Miljø, klima og samfunnstryggleik

Verda er inne i ei tid der menneskeleg aktivitet påverkar biosfæren i større grad enn nokon gong tidlegare. Mellom anna bidreg menneskeskapte utslepp av klimagassar til global oppvarming og klimaendringar over heile verda.


Utfordringar knytt til klima er ikkje berre eit spørsmål om utslepp av klimagassar. Utfordringane må sjåast i samanheng med meir ekstrem vær med konsekvensar for liv, helse og materielle verdiar, utrydding av artar og tap av biologisk mangfald, endringar i dei biokjemiske livsløpa på jorda og endringar i arealbruk som følge av urbanisering og menneskeleg aktivitet.

På Vestlandet er det registrert ei jamn auke i årleg gjennomsnittstemperatur frå 1988 til dags dato.



Figur 6 - Temperaturavvik frå normal, Vestlandet (Kjelde: Meteorologisk Institutt)

Hovudtendensen i utviklinga av nedbør på Vestlandet dei siste 100 åra er at det har blitt våtere. Dette er ein gjennomgåande trend for heile perioden, men spesielt tydeleg for dei siste 20 åra.



Figur 7 - Nedbør i % av normalen, Vestlandet (Kjelde: Meteorologisk Institutt)

Kommunal planstrategi

Lokalt i Fjaler er det funne ei auke i årleg nedbør frå normalperioden 1931-1960 til 1961-1990 og vidare gjennom referanseperioden 1971-1990. For målestasjonen i Dale si virketid frå 1950-2005 kjem det fram ein trend i auka årleg nedbør og vårnedbør som samsvarer med resten av Vestlandet.

Framskriving av nedbørsmengdene om hausten er av stor interesse for regionen då det er om hausten det førekjem flest flaumar på Vestlandet (Hanssen-Bauer, et al., 2015) og ein dramatisk auke i nedbør om hausten vil bidra til endå hyppigare overflauming av vassdraga. Dette kan ha mykje å sei for vassføringa i Fjaler og Dale i framtida.

Flaumfare i samband med vassdrag er eit tema som det er stort fokus på i all arealplanlegging. Auka havnivå som følgje av stormflo, bølgjepåverknad og havnivåstiging (som følgje av global temperaturauke og issmelting) vert også ei utfordring i tida som kjem, som følgje av meir ekstremvær. Dette er tema som skal implementert og takast omsyn til i all areal- og samfunnsplanlegging.

Auka nedbør medfører også meir overvatn, som legg press på eksisterande infrastruktur. Ny hovudplan for overvatn vert derfor ein prioritet i denne planperioden.

Skredfare er også eit tema innan samfunnstryggleik som det er stort fokus på. NVE har utarbeida aktsemeldskart for ulike typar skred. Alle desse aktsemddssonene vert implementert i den nye arealdelen som pågår.

Klimagassutsleppet i Fjaler har i perioden 2009-2018 blitt redusert frå 17820 til 15602 CO₂-ekquivalenter. Dette skyldast hovudsakleg ein nedgang i sysselsette innan jordbruk.

Eit endra klima får konsekvensar for kommunen si planlegging, og kunnskap om korleis det endra klimaet vil påverke miljø og samfunn må innhentast i samband med planarbeid. I forlenginga av dette er risiko- og sårbarheitsanalyser eit viktig fundament for kommunen si samfunns- og arealplanlegging. Ei heilskapleg overordna ROS-analyse og beredskapsplan var eit prioritert planområde i førre planperiode, særleg grunna den nye forskrifa om kommunal beredskapsplikt. Beredskapsplanen er framleis under revisjon. Den heilskaplege ROS-analysa vil framleis vere ei prioritert planoppgåve, fram til beredskapsplanen er ferdig rullert.

Kommunen har eit eige prosjekt for beredskap der ein mellom anna jobbar med revidering av den overordna beredskapsplanen. Planen blir tatt inn på lista over prioriterte planoppgåver, med årleg revisjon. Kommunen sin overordna beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar på sektor-nivå. Kommunen har utarbeidd :


- Plan for helsemessig og sosial beredskap
- Plan for smittevern, herunder Pandemiplan
- Beredskapsplan ved alvorlege hendingar i skule og barnehagar
- HMS-plan for Brann og felarvesenet i Fjaler

Planane vert revidert fortløpende og minimum årleg.

Samfunnstryggleik og beredskapsarbeide i ulik sektorlovging er ein del av kommunen sitt beredskapsarbeid og noko ein jobbar med i det pågående prosjektet for beredskap.

Sektorfordelte utslipp per år

Kilde: Miljødirektoratet



Figur 8 - Utslepp av klimagassar i Fjaler 2009-2018 (Kjelde: Miljødirektoratet)

Kommunen kan bidra til redusert klimagassutslepp ved å for eksempel legge til rette for auka gang- og sykkeltrafikk i bygdesentra (hovudsakleg Dale og Flekke), slik at bilbruken kan reduserast. I tillegg kan ein gjennom arealdelen sikre at myrområder vert skjerma for utbygging. Desse og fleire tiltak skal gå fram av ny energi-, klima- og miljøplan, som er ei prioritert planoppgåve i inneverande planperiode. Mål, strategiar og tiltak i denne planen må følgjast opp i alle aktuelle planar, særleg viktig er kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel). Gjeldande arealdel er utdatert, og er no under revisjon, med planlagt vedtak i løpet av 2020. I ny arealdel har ein følgt måla og strategiane i samfunnsdelen, der ny utbygging er lagt til bygdesentra og i nær tilknyting til barnehage, skule og butikk.

3.5 Oppvekst og utdanning

Fjaler kommune har ein ungdomsskule (Fjaler ungdomsskule), ein 1-10 skule (Våge skule), tre 1-7 skular (Dingemoen skule, Guddal skule og Flekke skule), og tre kommunale barnehagar (Yksnebjør, Våge og Flekke). I tillegg er det ein privat barnehage (Elvetun). Flekke er organisert som barnehage og skule. Guddal skule skal leggast ned frå og med 1. august 2020.

Det pågår bygging av ny 1-10 skule på Dingemoen, som skal erstatte barneskule (Dingemoen) og ungdomsskule (Fjaler ungdomsskule). Skulen er planlagt ferdigstilt hausten 2021.

Fjaler er vertskommune for PPT-kontoret og HAFS oppvekst.

Fjaler har god kvalitet i grunnskulen. På dei fleste måleindikatorar scorar vi høgt, sjølv om vi har variasjon frå år til anna.

Lokal rammeplan for kulturskulen vart vedteken i 2017 og bør rullerast i 2021.

4. VURDERING AV PLANBEHOVET

4.1 Overordna ROS-analyse

I lov om kommunal beredskapsplikt (sivilbeskyttelseslova) § 14, som vart sett i kraft 1.1.2010, står det at «Kommunen plikter å kartlegge hvilke ønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.» Kvar einskild kommunane pliktar såleis å kartleggja kva ønskete hendingar som kan inntreffa i eige geografisk område, vurdera sannsynet for at desse hendingane skjer, og korleis dei kan påverka kommunen (konsekvensar) – alt samanfatta i ein heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). Gjeldande overordna ROS-analyse er frå 2016. Det kan nemnast at i tida etter 2016 er det gjort fleire flaumfarekartleggingar og skredfarekartleggingar i kommunen. Det var også registrert 1000-års stormflo i februar 2020. Vassforsyning har også vore tema, hovudsakleg i samband med industriområdet på Lutelandet og i Korssund. Med bakgrunn i dette bør overordna ROS-analyse reviderast i denne planperioden, med planlagt oppstart i 2020 og vedtak i 2021.

4.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke 10.02.2014, etter ein grundig og brei prosess, med arbeidsgrupper, folkemøter, høyringar med meir.

Kommunedirektøren ser at det er behov for revidering av planen for å innarbeide tema som reforma Leve heile livet, FN sine bærekraftsmål og oppdatert kunnskap innanfor relevante tema.

Overordna mål

- Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025

Hovudmål

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvalting av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelhytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnatningskapasitet og gode kommunikasjonsløysingar (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som komunesenter og skape ein levande tettstad

4.3 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanens arealdel skal angje hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva slags viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, føresegner og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er ivaretatt.

Arealdelen er under utarbeiding, og ein ser føre seg endeleg vedtak i 2020. Ein ser ikkje behov for ytterligare revidering i planperioden.

4.4 Kommunedelplanar

Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2021

Gjeldande plan for perioden 2017-2021 blei vedteken i januar 2017. Handlingsprogrammet bør rullerast årleg, og planen bør reviderast med oppstart i 2021.

Kulturminneplan for Fjaler 2019-2023

Gjeldande kulturminneplan for Fjaler 2019-2023 blei vedteken i kommunestyret 18.11.2019. Det vil ikkje vere behov for rulling av denne planen i inneverande planperiode.

Strategisk kulturplan

Fjaler kommune har behov for ein strategisk kulturplan. Kulturplanen inngår som kommunedelplan i kommunen sitt plansystem. Det er ein strategisk plan som trekk opp hovedlinjer i kommunen sitt kulturfaglege og kulturpolitiske arbeid.

Planlagt oppstart i 2022, og vedteken i 2023.

Differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget

Gjeldande forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget blei vedteken i kommunestyret 07.09.2015. Det vil ikkje vere behov for rulling av denne planen i inneverande planperiode.

Energi, klima og miljøplan 2010-14

Gjeldande energi-, klima- og miljøplan 2010-2014 blei vedteken i 2010. Mykje av teksten i planen er utdatert, og ein har i dag meir og betre informasjon om tema energi, klima og miljø. Ein veit også meir om korleis klimaet og miljøet har utvikla seg, og kva tiltak kommunar bør iverksette for å imøtekommе dei overordna klimamåla.

Med bakgrunn i dette bør energi-, klima- og miljøplan for Fjaler kommune reviderast i denne planperioden, med oppstart i 2020 og vedtak innan 2021.

Trafikktryggleiksplan 2009-2013

Handlingsdelen bør rullerast årleg. Det er ei stund sidan planen vart vedteke, slik at det er naudsynt med rulling av heile planen. Planlagt oppstart i 2021 og ferdig vedtatt plan 2022.

4.5 Temaplanar

Temaplanar vert normalt sett rullert i løpet av planperioden, og er, med unntak av dei med samfunnsutviklingshorisont (jf innleiinga) ikkje ein del av planstrategien.

Det er to område vi ynskjer å prioritere for planperioden, og ynskjer å ha med i planstrategien:

Vegnorm

Fjaler kommune har per dags dato ikkje noko vegnorm. Ei vegnorm vil vere viktig for ivaretakking av trafikktryggleik, bobiljø, framkomst for alle, anleggskostnad, kommunal service og framtidig vedlikehald og drift av kommunaltekniske anlegg ved planlegging og bygging av bustad- og industriområder og kommunale vegar.

Planlagt oppstart i 2023.

Hovudplan for vatn, overvatn og avløp

Alle kommunar bør jamnleg utarbeide langtidsplanar for utbygging, utskifting og rehabilitering av sine VA-anlegg. Førre hovudplanar for VA er frå 1999-2003. Arbeidet med hovudplan for vatn og avløp er starta, og er planlagt avslutta i 2020.

ROS- og prøvetakingsplan tilpassa ny drikkevassforskrift er ferdig utarbeidd. Ny hovudplan for vatn er ferdig utarbeidd. Ny hovudplan for overvatn og avløp pågår, med planlagt ferdigstilling hausten 2020.

4.6 Områdereguleringsplanar

Dale sentrum

Kommunedelplan for Dale sett krav til områdereguleringsplan for Dale sentrum.

Områderegulering for Dale sentrum er under utarbeiding, og ein ser føre seg endeleg vedtak i 2021.

4.7 Detaljreguleringsplanar

Gravplass Dale (Øyra)

Det har lenge vore behov for å stenge Dale kyrkjegard for å omregulere denne. Kyrkjegarden er full og har behov for omregulering/endringar.

Tal graver må reduserast kraftig for å tilfredsstille dagens krav (større graver). Det er gjennomført ei kartlegging av flaum- og erosjonsfare for Storelva. Denne kartlegginga skal nyttast som grunnlagsmateriale for utarbeiding av detaljreguleringsplan. Før arbeidet med detaljreguleringsplanen kan starte må totalkostnadane for utbygginga ligge føre. Det må derfor gjennomførast eit forprosjekt der gravplassen vert prosjektert og kostnadsberekna. Planlagt oppstart av planarbeid er i 2020, og vedtatt plan innan 2021.

Bustadfelt Bjerga

Dale har ikkje mykje ferdigregulert bustadareal. Dei store felta som er sett til bustadføremål i kommunedelplan for Dale har krav om detaljregulering og er i privat eige.

Fjaler kommune har kjøpt bustadområda B1 og B3 samt delar av område B2 i kommunedelplan for Dale.

Dette området må detaljregulerast før det kan utbyggast, og bør prioriterast i denne planperioden.

Planlagt oppstart av planarbeid i 2020, og vedtatt plan innan 2021.

Bustadfelt Flekke

Flekke har lite ledige byggeklare bustadomter. Kommunen er kontakta av fleire interessentar det siste året som ynskjer å busettje seg i Flekke. Det kommunale bustadfeltet i Flekkeklevane er nesten utbygd. I gjeldande arealdel er det sett av eit bustadområde sør for Flekke sentrum og fv 57. Dette bustadområdet er også planlagt vidareført i den pågående revisjonen av arealdelen. Dette området må detaljregulerast før det kan utbyggast, og bør prioriterast i denne planperioden. Planarbeidet må avtalast og koordinerast med grunneigar. Planlagt oppstart av planarbeid i 2021.

Områdeplan Flekke

Kommuneplanen sin arealdel som er under utarbeiding legg opp til utarbeiding av ein områderegulering av Flekke sentrum. Dette for å legge til rette for fortetting av bustad og næringsareal i sentrum.

Områderegulering må utarbeidast av kommunen og foreslått med oppstart i 2022.

Fylkesveg 57

Strekninga som skal detaljregulerast er Sætenes-Nistadlia. Strekninga er delt inn i to detaljreguleringsplanar – Sætenes-Strandenes og Strandenes-Nistadlia. Detaljreguleringsplan for Sætenes-Strandenes er framleis under utarbeiding, og er planlagt vedtatt i løpet av 2021.

Detaljreguleringsplan for Strandenes-Nistadlia har vore på offentleg ettersyn og høyring og er planlagt vedtatt i løpet av 2020.

Veg Lutelandet

Kjem etter kommunedirektøren sitt syn i same kategori som FV 57. Dette er ein vegteknisk plan der ein må hente inn ekstern plankompetanse. Det blei gjort vedtak i formannskapet i 2011 om å starte opp planarbeid for ny veg frå Lutelandet til Lammetunvegen. Nordplan AS utarbeidde eit forprosjekt med to alternative vegtrasear. Etter dette stoppa arbeidet opp.

Kommunestyret har i sak K 51/20 vedteke at det skal setjast i gang eit forprosjekt vedrørande utbedring av Korssundvegen. Forprosjektet må avklare behov for planarbeid. Kommunestyret har og bedt om at det vert lagt fram ein plan for korleis ein skal jobbe strategisk/politisk mot regionale og nasjonale myndigheter for å sikre utvikling på Lutelandet og finansiering av infrastruktur.

5. PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER 2020-2024

Fjaler kommune prioriterer først å fremst å fullføre kommuneplanen sin arealdel, samt områdereguleringa av Dale sentrum. Begge bør vere ferdigstilt snarast mogeleg. I tillegg må samfunnsdelen, energi, klima og miljøplan og overordna ROS-analyse reviderast. Det skal også prioriterast regulering av bustadfelt i Dale og i Flekke.

Ansvar	Plantype-og namn	2020	2021	2022	2023	2024
Teknisk/ Kommunedirektør	Overordna ROS-analyse	Oppstart				
Teknisk/ Kommunedirektør	Overordna beredskapsplan	Pågår – årleg revisjon				
	Kommuneplan:					
Teknisk	Samfunnsdel		Oppstart			
Teknisk	Arealdel	Pågår				
	Kommundelplanar:					
Teknisk	Trafikktryggleiksplan		Oppstart			
Kultur	Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet		Oppstart			
Teknisk	Energi, klima og miljøplan	Oppstart				
Kultur	Kulturminneplan	Vidareført				
Kultur	Strategisk kulturplan			Oppstart		
Teknisk	Forvalningsplan Flekke- og Guddalvassdraget	Vidareført				
	Temaplanar:					
Teknisk	VAO-plan	Pågår				
Teknisk	Vegnorm				Oppstart	
Teknisk	Kartlegging av friluftlivsområde	Pågår				
	Områdereguleringar (areal):					
Teknisk	Dale sentrum	Pågår				
Teknisk	Flekke sentrum			Oppstart		
	Detaljreguleringar (areal):					
Teknisk	Gravstad Dale (Øyra)	Oppstart				
Teknisk	FV 57	Pågår				
Teknisk	Bustadfelt Bjerga	Oppstart				
Teknisk	Bustadfelt Flekke		Oppstart			